LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Stig Solberg
Vassbygdvegen 198
5912 SEIM

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 26.10.2018 |
| Vår: 18/1075 - 18/32371 | anne.lise.molvik@lindas.kommune.no | |

# Svar på e-postar - gbnr 182/8 Gausereide

Kommunen viser til e-post mottatt 23.10.2018 og tre e-postar mottatt 24.10.2018 som gjeld søknad om utsleppsløyve for gbnr 182/8 Gausereide. E-postane er registrert på saka di.
Vi ber om at all post til kommunen vert send til postmottak@lindas.kommune.no. Dette for å sikra rask og rett handsaming av posten.

Krava som er sett i uttalen frå Teknisk drift i forhold til drikkevassforskrifta, vil verta gjeldande ved eit nytt utsleppsløyve frå eigedomen. Kommunen vil ikkje godkjenna etablering av ny større tett tank på eigedomen. Avløpsanlegget som er på eigedomen er lovleg etablert og kan nyttast inntil kommunen set andre krav for avløpsanlegg i området.

Kommunen har sett krav om regelbunden service/kontroll kvart tertial. Her inngår krav til service på minireinseanlegg slik det går fram av forskrift om begrensing av forurensing § 12-3, jf punkt 2.3 i vedlegg 2 i kap. 11. Krav om service/kontroll ut over det forureiningsforskrifta fastset vil vera ein rein visuell kontroll av om anlegget fungerer.

VOIDAG VVS AS har den 23.10.2018 kome med tilleggsdokumentasjon i saka i forhold til endring av ansvarsrett. Vi avventar ytterlegare dokumentasjon slik det kom fram i møtet 22.10.2018. Oppsummering frå møtet vert send ut i eige skriv.

Kommunen ber om tilbakemelding frå deg om vi skal ta søknaden til realitetshandsaming når nødvendig dokumentasjon ligg føre.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta | Anne Lise Molvik |
| avdelingsleiar | rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

**Vedlegg:**
Uttale til søknad om utsleppsløyve for Gbnr 182-8

**Kopi til:**
Eining for teknisk drift

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Stig Solberg | Vassbygdvegen 198 | 5912 | SEIM |